
Fra: Mette Fauskanger
Sendt: tirsdag 17. oktober 2017 15.16
Til: 'fmhopostmottak@fylkesmannen.no'
Kopi: Helge Kvam; Leni Dale
Emne: Søknad om tilskott til kompetansetiltak for tilsette i kommunar som har vedtatt kommunesamanslåing

Hei!

Radøy kommune skal slå seg saman med Lindås og Meland frå 1/1-2020. I forkant av samanslåinga har vi sett i gang ei rekke tiltak for å auke kompetansen i organisasjonen.

- Vi er i gang med kompetansekartlegging og kompetanseplanlegging for å møte framtidige faglege utfordringar. Radøy kommune vil tildele støtte til kompetanseheving i samsvar med prioriterte fagområde i kompetanseplanen.
- Vi er i gang med eit stort digitaliseringsprosjekt for å avstemma digitale verkty opp mot dei andre kommunane, for så å lære opp dei tilsette innan nye digitale verkty.
- Kompetanseheving innan endringsleiing
- Kompetanseheving innan velferdsteknologi på tvers av dei tre kommunane. Arenaen nyttast òg for å etablere felles forståing og bli kjent på tvers av kommunegrensene.
- Det er ei rekke kompetansehevande tiltak på tvers av kommunane for å bu kommunane til samanslåing

På bakgrunn av dette søker Radøy kommune om tilskott på kr 125 000,- til kompetansetiltak for tilsette i kommunar som har vedtatt kommunesamanslåing.

Med venleg helsing

Mette Fauskanger

Kommunalsjef Helse og omsorg
Radøy kommune
Tlf 5634 9015 Mobil 928 32 296

